



Tidsskriftet  
DEN NORSKE LEGEFORENING

# Til forsvar for mangfaldet

---

ARTIKKEL

NESSA J

SCHIØTZ A

---

## Sammendrag

Dette hundreåret er modernitetens hundreår. I medisinen har moderne naturvitenskap og teknologi ført til grunnleggjande og positive endringar i folks helse. Dei store infeksjonssjukdommane er under kontroll, og helsevesenet har gjennomgått ei kraftig institusjonell utbygging. Likevel får ein ofte inntrykk av både frustrasjon og misnøye på mange plan. Forfattarane reflekterer over dette paradokset gjennom ei skissemessig gjennomgang av nokre hovudtrekk i primærmedisinen si utvikling i dette hundreåret. Dei peikar på helsedirektør Karl Evangs rolle både som idéskapar og leiar, og set rolla hans opp mot tidlegare helseminister Werner Christies systemkritikk. Dei argumenterer for at den kriseopplevinga som har komme dei siste tiåra, må forståast som ei modernitetskrise, og meiner at enkelte ideal som har vore rådande i vårt århundre, bør justerast. I eit ettermoderne samfunn er det naudsynt å pusse støv av gamle legeideal, og opne for mangfald og nyanserikdom som verdier å framelske dersom dei helsemessige utfordringane skal møtast på ein adekvat måte.

---

Publisert: 17. oktober 2018. Tidsskr Nor Legeforen. DOI:

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2020. Lastet ned fra tidsskriftet.no